



Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021–2024

Regional plan



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

Forord	4
Kapittel 1	
Om fylkesplanen	
Bakgrunn i kunnskapsgrunnlag, RPS og FN sine berekraftsmål	5
Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal – prosess og plansystem	7
Planarbeid og koronapandemi	8
Kapittel 2	
Mål for samarbeidsfylket	
Langsiktig utviklingsmål 1 fra regional planstrategi – Samarbeidsfylket	11
Fylkesplanmål for samarbeidsfylket Møre og Romsdal	13
Kapittel 3	
Mål for miljøfylket	
Langsiktig utviklingsmål 2 fra regional planstrategi – Miljøfylket	15
Fylkesplanmål for miljøfylket	17
Kapittel 4	
Mål for inkluderings og kompetansefylket	
Langsiktig utviklingsmål 3 fra regional planstrategi– Inkluderings- og kompetansefylket	19
Fylkesplanmål for inkluderings og kompetansefylket	22
Kapittel 5	
Mål for verdiskapingsfylket	
Langsiktig utviklingsmål 4 fra regional planstrategi– Verdiskapingsfylket	23
Fylkesplanmål for verdiskapingsfylket	26
Kapittel 6	
Oppfølging av fylkesplanen	
Plannivå og konkretiseringssgrad	27
Måling, indikatorar og rapportering	28
Vedlegg:	
Lenker til dei viktigaste grunnlagsdokumenta	28

Foto forside:

Statens vegvesen, Ingvild Dverseth Sæter, Tingh, Terje Aamodt,
Møre og Romsdal fylkeskommune, Carina Stokke

Forord

Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal

Fylkesplanen skal vere med å sikre og vidareutvikle det vi i Møre og Romsdal allereie er gode på. Vi er eit av dei største eksportfylka i landet, og har ein sterk posisjon innan blågrøn sektor. Vi har eit kulturliv og kulturtilbod på høgt nasjonalt nivå, innan alt frå opera, jazz og popmusikk til litteratur og teaterscene. Vi har nokon av landets mest besøkte reiselivsikon. Vi har idrettsheltar som hentar heim medaljar av gjævaste valør. Vi har byar og bygder der det ligg til rette for gode liv. Vi lev lengst av alle i dette landet. Det er mykje godt å bygge på vidare i dette fylket, og utviklinga må skje utan at grunnlaget for desse ressursane blir forringa.

Måla i fylkesplanen skal bygge på ei felles forståing av utfordringsbiletet i Møre og Romsdal. Vi ser mange utviklingstrekk som krev handling. Klimagassutsleppa er høge, og tapet av naturmangfold er alarmerande. Stadig fleire menneske slit med psykiske plager, mange opplever einsemd og utanforskap. Behovet for omstilling av arbeidsstyrken og livslang læring aukar kraftig som følge av teknologiutviklinga, internasjonalisering, innvandring og aldring i befolkninga. Krav om meir berekraftige løysingar blir ein stadig sterkare drivar i næringslivet og for det offentlege, og behovet for forskings- og utviklingsaktivitet og nye digitale løysingar aukar.

Fylkesplanen er bygd opp rundt FN sine berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane. Klima- og miljøutfordringar, sosial berekraft og økonomisk utvikling heng uløyseleg saman, og desse utfordingane må løysast i eit samspel. Derfor er samarbeid sett opp som eige målområde. Den tverrfaglege oppbygginga av fylkesplanen vil gjere oss betre i stand til å møte dei samansette samfunnsutfordringane framover.

Vi må løfte blikket ut av eigen sektor, eige forvaltningsnivå og eigen kommune – kva kan vi få til saman? I samarbeid med næringsliv, kulturliv og frivilligkeit vil det bli arbeidd systematisk for å kome nærmare måla som er sett. Alle desse aktørane har vore delaktige i å utvikle fylkesplanen, og deira medverknad i den omfattande prosessen har vore avgjerande for sluttresultatet.

Koronapandemien har prega delar av planarbeidet, og ser ut til å halde fram ei god stund framover. Dei omfattande konsekvensane for samfunnsliv og økonomi kom raskt, og vil vere ei utfordring også på mellomlang og lang sikt. Kor store konsekvensane blir på lang sikt er likevel vanskeleg å seie. Situasjonen vil uansett påverke arbeidet i planperioden.

Tove-Lise Torve
fylkesordførar


Kapittel 1

Om fylkesplanen

Bakgrunn i kunnskapsgrunnlag, RPS og FN sine berekraftmål

Dokumentet «Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030 – Kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og fylkesplan 2020 – 2024» går grundig igjennom status, utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal dei neste 12 åra (tre valperiodar) på 12 ulike store tema. Utfordringane er sortert og systematisert med grunnlag i dei tre berekraftdimensjonane for FN sine berekraftsmål (sjå figur på neste side). Dette dokumentet utgjer grunnlaget for omtalen av utfordringar og moglegheiter i plandokumenta – også fylkesplanen.

Med utgangspunkt i dette kunnskapsgrunnlaget og i planprosessen, er det utarbeidd ein Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2020 – 2024 (RPS) i tråd med krava i Plan- og bygningslova (PBL). Denne har fire langsigtige utviklingsmål for Møre og Romsdal, eitt for samarbeid, og eitt under kvart av FN sine tre berekraftdimensjonar. Dette er mål som blir følgd opp med fylkesplanmål i fylkesplanen. Fylkesplanmåla er noko meir konkrete, og fireårige. Alt arbeidet er og vinkla og vekta for å kunne medverke til å oppfylle FN sine berekraftmål. Sjå figur 1 på neste side.




Figur 1: FN sine 17 berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane

Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal – prosess og plansystem

Det er gjennomført ein samla og omfattande prosess for å utarbeide Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020–2024 (RPS) og fylkesplanen. Innspela i denne prosessen er eit av dei viktigaste grunnlag for utarbeidingsprosessen av Fylkesplan 2021–2024 for Møre og Romsdal.

Fylkesplanen er ein regional tverrfagleg fireårig plan, utarbeidd i tråd med krava i plan- og bygningslova (PBL). Den er dermed førande for kommunane og regionale statsetatar, som skal legge fylkesplanen til grunn i sitt arbeid. Fylkesplanen består av eit dokument med fylkesplanmål, samt underliggende utdjupande fylkesstrategiar med resultatmål. Lengst ned i planhierarkiet, men mest konkret og viktigast for å skape handling, kjem økonomiplan med handlingsprogram, som har budsjett og konkrete tiltak for eitt år. Alle måla i fylkesplanen er samla under paraplyen Berekraftfylket Møre og Romsdal og under FN sine berekraftdimensjonar. Figur 2 under viser eit nytt og forenkla plansystem.



Figur 2: Nytt og forenkla plansystem med forklaring

Planarbeid og koronapandemi

Den 12. mars 2020 vart Norge stengt ned som følgje av koronapandemien. Pandemien ga alvorlege verknader for helsevesenet, men gav også raskt ei rekke alvorlege økonomiske verknader. Effekten av dette vil og kome på lang sikt, og på grunnlag av analyser som er gjort, ser desse ut til å kunne bli svært alvorlege.

På oppdrag for Eksportkreditt, utarbeidde konsulentelskapet Menon Economics rapporten «Regional effekt av korona for norsk eksportrettet næringsliv» datert 31. mars 2020. I rapporten har dei kome fram til at Vestlandet blir hardast råka av pandemien. I det verste scenariet er det forventa at nærmere 55 000 personar kan miste arbeidet. I Møre og Romsdal er det forventa oppseilingar av om lag 3 000 arbeidstakrar i privat sektor i 2020. Noreg vil kunne miste ei omsetning på om lag 1 000 mrd. kr fram mot 2023. Den økonomiske krisa rammer eksportverksemadene hardast, inkludert reiselivsbransjen.

Koronapandemien har store effekter og økonomiske konsekvensar for kulturlivet i Møre og Romsdal. For dei som har sin hovudinntekt frå besøkande og arrangement, er situasjonen alvorleg. Situasjonen vil ha følgjer for åra som kjem. Mange av kulturverksemadene er viktige aktørar i reise- og næringsliv i fylket. Når festivalar, museum og andre institusjonar stenger dørene og misser sine inntekter, er det ikkje berre dei som lid tap. Dette har også store ringverknadar for restaurant-, overnatting-, reiselivsbransjen og turisme generelt i tillegg. For dei frivillig laga og organisasjonane innan idrett, kultur og friluftsliv, er lokallaga svært økonomisk sårbare og konsekvensane er store. Framtida for det lokale kultur- og idrettslivet står på spel.

Ein rapport som Møreforsking har utarbeidd på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune oppsummerer korleis dei ulike næringane i Møre og Romsdal er ramma av restriksjonane for å avgrense smitte. Maritim næring, som nyleg har vore gjennom krevjande omstilling etter oljeprisfallet i 2014, er spesielt hardt ramma. Det er fare for nedbygging av klynga og for at regionen mistar spisskompetanse.

Kompetanseutvikling kan vere svært viktig for å kome gjennom ein krisesituasjon. Kunnskapsdepartementet la 22.04. 2020 fram «Meld. St. 14 (2019–2020) Kompetanse-reformen – Lære hele livet». I forordet blir det lagt vekt på at ordningane i meldinga vil vere heilt nødvendige for å kome gjennom den økonomiske krisen koronapandemien har skapt, sjølv om meldinga vart laga før pandemien ramma. Den peiker på at det er grunnleggande viktig å bevare og utvikle befolkninga sin kompetanse. Stortingsmeldinga har to mål: «Ingen skal gå ut på dato som følge av manglende kompetanse.» og «Tette kompetansegapet – dvs. gapet mellom hva arbeidslivet trenger av kompetanse, og den kompetansen arbeidstakerne faktisk har»

Koronasituasjonen får og konsekvensar for lærlingane sine moglegheiter for å fullføre vidaregåande opplæring. Per 12. mai 2020 er 198 lærlingar permitterte, og utfordringa med å skaffe nok læreplassar i tida framover vil bli endå større.

Også for folkehelsa har pandemien alvorlege verknader. Nettsida SUNNE KOMMUNER, WHO sitt norske nettverk skriv: «Jo dårligere sosioøkonomisk status en person har, jo større sannsynlighet er det for å få én eller flere av disse underliggende sykdommene...». «Den samme risikoen gjelder også dårlig psykisk helse – en utfordring som øker når vi nå må leve med isolasjon, frykt og usikkerhet. Personer med lavere sosioøkonomisk status er i tillegg oftere mer utsatt for smitte grunnet begrenset mulighet til å jobbe hjemmefra, trangere boligkår, samt større risiko for å bli arbeidsløs og oppleve økonomisk usikkerhet i et ustabilt arbeidsmarked.»

Ingen veit kor lang tid det vil ta før økonomien er oppe og går igjen. Da er det vanskeleg å planlegge, både på kort og lang sikt. Grepet med årleg rapportering på RPS, vil kunne justere kursen i plansystemet etter behov (sjå kap. 6). Dette vil kunne vise seg å vere svært viktig i ein situasjon med så mykje usikkerheit.

Fylkesutvalet la i sitt vedtak 02.06.2020 sak U-70/20 om Regional planstrategi inn følgjande tillegg: «Koronapandemien kan bety store endringer i næringsliv og busettingsstruktur, i organisering av velferdssamfunnet og i beredskapstenking. Det er difor behov for ei eiga utgreiing/analyse av kva moglegheiter og utfordringar Møre og Romsdal vil få på både kort, mellomlang og lang sikt.»




Foto: Ingvild Diverseth Sæter

Kapittel 2

Mål for samarbeidsfylket

Langsiktig utviklingsmål 1 frå regional planstrategi – Samarbeidsfylket



Langsiktig utviklingsmål 1:

Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid

Dette inneber tette og forpliktande samarbeid og fellessatsingar mellom dei offentlege etatane, der offentlege ressursar og verkemiddel blir sett i samanheng. Det er etablert formelle møtearenaer der utdannings- og næringsmiljø, frivilligheita og offentleg sektor samarbeider om utvikling av fylket. Lokale og regionale politikarar styrkar kvarandre sine initiativ og samarbeider for å stå sterkare i den nasjonale og internasjonale konkurransen om folk, kapital og arbeidsplassar. Internasjonalt samarbeid blir nytta for å auke kompetansen og verdiskapinga

Samarbeid, samskaping og samstyring

Nasjonal politikk er summen av nasjonal, regional og lokal politikk. Dette krev tett samhandling vertikalt og horisontalt. Det er derfor viktig at dei regionalpolitiske måla er tydeleg, forankra og kjent for alle for å nå felles mål. FN sitt 17. berekraftmål; samarbeid for å nå måla, har ordlyden; styrke gjennomføringsmidlane og fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling. Inn i globale partnarskap kjem kvart land med sine lokale, regionale og nasjonale erfaringar, arbeidsmetodar og nettverk.

Alle land og regionar blir påverka av globale trendar, også Møre og Romsdal.

Dei globale megatrendane som påverkar oss mest no er;

- Klimaendringar og tap av natur
- Teknologeutvikling
- Sentralisering/urbanisering
- Aldrande befolkning
- Endringar i verdas økonomiske tyngdekraft

I vår eigen region er det fleire utfordringar knytt til samarbeid som vi sjølv må ta ansvaret for å gjere noko med. Det er mellom anna strid mellom ulike delar av fylket, noko som utfordrar fellesskapet og gjer det krevjande å skape felles identitet og felles front. Det er mindre samarbeid mellom kommunane og kunnskaps-/forskningsinstitusjonane om innovasjon enn det burde være. I tillegg er det behov for å betre samarbeidet mellom offentlege etatar på regionalt og kommunalt nivå. Også mellom offentleg sektor og næringslivet ligg det store moglegheiter i auka samarbeid.

Oppfylling av FN sine berekraftmål, måla i RPS og fylkesplanen må skje i tette forpliktande samarbeid, gjennom samskaping og samstyring. Det er nødvendig å få opp fellessatsingar mellom dei offentlege etatane, der offentlege ressursar og verkemiddel blir sett i samanheng. Det må etablerast formelle møtearenaer der utdannings- og næringsmiljø og offentleg sektor samarbeider om utvikling av fylket. Samarbeid mellom det offentlege, forskningsinstitusjonar, næringslivet og frivilligheita må styrkast. Lokale og regionale politikarar må styrke kvarandre sine initiativ og samarbeide for å stå sterkare i den nasjonale og internasjonale konkurransen om folk, kapital og arbeidsplassar.

Fylkesplanmål for samarbeidsfylket Møre og Romsdal



Foto: Tove Eivindsen

Møre og Romsdal skal:

- 1.** utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligkeit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål
- 2.** samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper
- 3.** samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit «vennuskapsfylke» om berekraftmåla
- 4.** ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggjarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn



Foto: Reidulf Dyrkorn

Kapittel 3

Mål for miljøfylket

Langsiktig utviklingsmål 2 frå regional planstrategi – Miljøfylket



Langsiktig utviklingsmål 2:

Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1

Dette inneber ei ambisiøs klimasatsing minst i tråd med Parisavtalen, at samfunnet er klimarobust og godt rusta for klimaendringane, at fylket har lukkast med det grøne skiftet og meir bruk av fornybar energi. Arealplanlegginga på land skal bidra til strengare jordvern, meir naturmangfold, sikre kulturminne og kulturlandskap og bidra til å uke naturens karbonlagring. Arealplanlegging i sjø skal sikre berekraftig forvalting av biologiske ressursar. Arealplanlegginga skal samordne behova for bustadbygging, næringsverksemeld og transport.

Klima, miljø og arealplanlegging

FN definerer to miljømessige, globale hovudutfordringar; klimaendringar og tap av naturmangfald. Utfordringsbildet er omfattande og komplekst. FN har stadfesta at klimaet blir varmare, våtare og villare. Utslepp av klimagassar har aldri vore høgare, og utsleppa var på 2,6 mill. CO₂ ekvivalentar i Møre og Romsdal i 2017, ei auke på 8 prosent sidan 2009. Industriverksemd, olje- og gassaktivitet, samt samla transportarbeid er dei største kjeldene til utslepp. Presset på naturressursane og urørt natur aukar og, både på land og i sjø, og fleire naturtypar og artar er i ferd med å forsvinne, mellom dei ville pollinerande insekt. 85 prosent av våtmarkene i verda er allereie tapt. 25 prosent av elvane i fylket og 35 prosent av innsjøane ligg under krava til god økologisk tilstand. Den rike og varierte kulturhistoria med eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er og under sterkt press. Vi veit at menneskeleg bygge- og anleggsaktivitet, produksjon, forbruk og overhausting samt forureining, er dei viktigaste grunnane til tapa. Samordna bustad, areal og transportplanlegging og arealplanlegging i sjø er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, redusere tap av natur og kulturminne, sikre matproduksjon og vasstilgang, samt forvalte kystområda. Samstundes kan ein gjennom god arealforvalting sjå fleire interesser og behov samla. Alt dette vil kunne medverke til å minimerer transportbehovet, spare matjord og naturområde. Det er også behov for ei fullstendig marin kartlegging av kystområda for å skaffe kunnskap som kan gi god planlegging og heilsakleg forvalting av desse områda. Bruk av nye smarte og energigjerrige transportløysingar må til for å få ned utsleppa. Ikke minst må fornybare energiformer utviklast vidare, og bruken av desse må auke.

Samfunnstryggleik, beredskap og klimatilpassing

Samfunnet blir og stadig meir sårbart knytt til klimaendringane, og faren for ulike naturhendingar aukar, matvaretryggleiken blir utfordra. I tillegg er det aukande sårbarheit knytt til både datatryggleik, helseutfordringar og politisk ustabilitet i verda. Dette heng saman, og aukar den totale sårbarheita.

Målretta beredskapsarbeid kan hjelpe oss å skape eit robust samfunn der vi kan førebygge ulike typer alvorlege kriser i samfunnet, og gjere oss betre i stand til å handtere dei når dei er eit faktum.

Fylkesplanmål for miljøfylket Møre og Romsdal



Foto: Tove Eivindsen

Møre og Romsdal skal:

- 1.** redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor
- 2.** forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep
- 3.** ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar
- 4.** bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg
- 5.** basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utsleppsfree energi
- 6.** førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser
- 7.** ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering



Foto: Terje Aarmo

Kapittel 4

Mål for inkluderings- og kompetansefylket

Langsiktig utviklingsmål 3 frå regional planstrategi – Inkluderings- og kompetansefylket



Langsiktig utviklingsmål 3:

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu

Dette inneber ei sunn og aktiv befolkning, og ei balansert utvikling i heile fylket. Innbyggjarane har ei ønska og etterspurd utdanning, og fylket tilbyr attraktive utdanningstilbod i heile fylket. Det er trygge oppvekstvilkår og inkluderande lokalsamfunn med tilpassa transportløysingar. Alle menneske uavhengig av kjønn, alder, legning, etnisk- og sosial bakgrunn og funksjonsnivå har likt høve til å delta i arbeids-, kultur-, og samfunnsliv og skal respekterast for den dei er. Det er låg arbeidsløyse, og dei demokratiske verdiane står høgt

Folkehelse, utanforskning og frivillighet

Helsenstanden i befolkninga er i hovudsak god, med forventa levealder 84,3 år for kvinner og 80,1 år for menn, begge over landsgjennomsnittet. Likevel er kvardagsaktivitetene for låg, og stadig fleire kontaktar primærhelsetenesta om psykiske symptom og lidningar. Psykiske lidningar, inkludert ruslidningar, er den klart største årsaka til redusert helse blant barn, unge og voksne i arbeidsfør alder. Dei vanlegaste er angst, depresjon og lidningar knytte til rusbruk. Forskinga gir ingen einitydige svar på om psykiske problem aukar blant unge. Det er likevel fleire studiar som tydar på at stadig fleire jenter enn før rapporterer om ulike psykiske helseplager, noko vi òg ser i ungdata-undersøkingane for fylket. Ein del er og plaga med einsemd og utanforskning, og viktige årsaker er psykiske helseproblem, rus- og alkohol, fattigdom, manglande inkludering, omsorgssvikt og langvarig sjukefravær frå arbeid. Ei rekke nasjonale satsingar er starta for å gi betre folkehelse, integrering, inkludering og eit meir aldersvennleg samfunn;

- Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017–2027
- Nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet
- Integreringsstrategien «Integrering gjennom kunnskap»
- Felles samfunnssoppdrag for å få fleire i arbeid «Inkluderingsdugnaden»
- Helseplattforma
- Kvalitetsreforma for eldre; «Leve heile livet»

Desse satsingane må utnyttast godt, og det må skje gjennom tverrfagleg regionalt samarbeid der både offentlege, private og frivillige aktørar medverkar, aukar kunnskapen og kompetansen og samfinansierer. Frivilligheta spelar ein sentral rolle, både for å løysar hjelpebehov, og som ein aktør som tilbyr aktivitet, samskaping, fellesskap og tilhørsle innafor eit svært breitt og mangfaldig spekter.

Sentralisering, by- og tettstadutvikling og kultur

Folketalsveksten flatar ut i fylket, og gruppa barn og unge blir stadig færre , mens gruppa eldre aukar til dels kraftig. Innanlands flytting til Oslo og Trøndelag tappar Møre og Romsdal, som er det tredje minste fylket etter regionreforma. Dei tre største bykommunane er venta å få 66 prosent av folketalsveksten i fylket fram mot 2030, sjølv om folketalet berre utgjer 45 prosent av samla folketal i fylket.

Byane og tettstadene blir utarma gjennom etablering av handels- og opplevelingstilbod utanfor bykjerner og tettstader. I tillegg kjem netthandel, som trekk i same retning. Arealplanlegginga i byar og tettstader skjer framleis i stor grad på privatbilen sine premissar, og det er krevjande å få til gode tverrfaglege samarbeid for å utvikle byar og tettstader. Etterspørselen etter opplevelingar, aktivitetar og kultur aukar, samstundes som grupper i samfunnet fell utanfor kulturaktivitetar. Men offentlege tilskotsmidlar er under press, og påverkar drift og utvikling av offentleg og frivillig kultur og møteplassar.

Tett samarbeid mellom ei rekke aktørar, både private, offentlege og frivillige, er ein nøkkel til utvikling av byar og tettstader, slik at fylket blir attraktivt i kampen om innbyggjarar og kompetanse. Det kan gje effektiv og samordna arealbruk med fortetting av høg kvalitet, trygge og inkluderande offentlege rom, og betre tilrettelegging for kollektivtrafikk og for at innbyggjarane skal gå og sykle. Byane og tettstadane sin arkitektoniske identitet, særpreg og historiske forankring må takast vare på fordi vi veit det skapar trivsel og tilhørsle, og gjer staden interessant å bo i og besøke. Samstundes er det viktig å legge til rette for alle grupper gjennom universell utforming. Tilrettelegging for handel- og service, interessante arbeidsplassar samt kulturliv må til om ein stad skal vere attraktiv. Då må mellom anna arbeids- og levekår for profesjonelle kunstnarar og kunst- og kulturinstitusjonar styrkast, og bruk av ny teknologi kan medverke til utvikling av nye produkt og tenester innfor kultursektoren.

Kompetanse og utdanning

Gjennomføringa i vidaregåande opplæring må bli høgare, sjølv om gjennomføringa i Møre og Romsdal allereie ligg over landsgjennomsnitt. Målet er at åtte av ti skal gjennomføre opplæringa innan utgangen av 2024. For å auke gjennomføringa i yrkesfaga er det framleis behov for fleire læreplassar. Tilboda i fagskolane som tilbyr høgare yrkes-



fagleg utdanning, og vidaregåande opplæring, må vere tilpassa behova i arbeidslivet. Behovet for oppdatering av kunnskap heile livet er stort, spesielt knytt til teknologi-utvikling, skaparkraft og berekraft. Her vil og biblioteka og musea spele ei viktig rolle. Fylkeskommunen har fått nye oppgåver innanfor integrering knytt til kvalifisering og introduksjonsprogrammet i kommunane. Flyktningar må kome raskt i gang med opplæring, utdanning og arbeid, slik at dei kan bli kvalifisert, integrert, og medverke i samfunnet.

Fornying av Kunnskapsløftet gir moglegheit for auka fokus på kvalitets- og utviklingsarbeid i vidaregåande opplæring. Digital kompetanse skal aukast gjennom å ta i bruk digitale verktøy og ny teknologi i opplæringa. Tettare samarbeid mellom utdanning, arbeidsliv og frivillighet kan auke relevansen i opplæringa, og gjere elevane meir motivert. Å kunne utforske og skape er ein sentral del av fornyinga av Kunnskapsløftet. For at innovasjon og entreprenørskap skal få ein sentral plass i opplæringa må det stimulerast til tettare samarbeid mellom skole, arbeidsliv og forskingsmiljø.

Fylkesplanmål for inkluderings og kompetansefylket



Møre og Romsdal skal:

- 1.** ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhørsle, tryggleik og tilgjenge
- 2.** ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse
- 3.** ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggjarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det
- 4.** ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring
- 5.** ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med sær preg, som tilbyr gode buminlegg og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport
- 6.** ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfold og engasjement

Kapittel 5

Mål for verdiskapingsfylket

Langsiktig utviklingsmål 4 frå regional planstrategi – Verdiskapingsfylket



Langsiktig utviklingsmål 4:

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Dette inneber at fylket har sikker energitilgang og innovative, konkurransedyktige verksamheter som skaper verdiar i heile fylket. Arbeidslivet er attraktivt og seriøst, med sterkt verdiskaping. Ein har utvikla bu og arbeidsmarknadsregionane gjennom tilpassa, gode og effektive samferdselsløysingar. Sterke forskingsinstitusjonar og stor innovasjonsaktivitet har medverka til at fylket har nytta ressursane knytt til menneska, til havet og til landskapet i heile fylket. Møre og Romsdal fylkeskommune har teke initiativ til eit langsiktig omstillingssarbeid for næringslivet i fylket og er med på å sette premisser for nasjonal næringspolitikk. Offentleg og privat sektor utviklar gode løysingar saman, og utviklinga bygger på digitalisering og berekraftige forretningsmodellar.

Næringsutvikling forsking og innovasjon

Krav om meir berekraftige løysingar vert ein stadig sterkare drivar for samfunns- og næringsutviklinga, og vi treng meir kunnskap om dette.

Dei eksportretta næringane er særsviktige for Møre og Romsdal. Næringer som maritim, marin, petroleum og møbel representerer 28.700 av totalt 37.700 tilsette i industri og eksportretta næring i Møre og Romsdal. I tillegg er Møre og Romsdal eit stort matfylke der landbruket speler ein vesentleg rolle. Landbruket står for 10 prosent av ku,-storfe-, geit og sauahaldet i landet. Fylkestinget legg til grunn at landbruket i Møre og Romsdal framleis skal oppretthalde ein variert matproduksjon basert på lokale

før-ressursar. Mineralindustrien gir og verdiskaping tufta på lokale ressursar gjennom dei 87 masseuttaka i fylket. Verdiskapinga og eksportinntektene frå desse næringane er svært store og viktige for heile landet, og heilt avgjerande for busetting, velferd og vidare utvikling i denne regionen. Koronapandemien har gjort situasjonen svært utfordrande for eksportretta næringsliv, og det blir ei viktig oppgåve i fylkesplanperioden å oppretthalde og utvikle desse bedriftene vidare.

Bedriftene i Møre og Romsdal har ei unik evne til omstilling og nyskaping tufta på erfaringsbaserd kunnskap. Når kunnskapsinnhaldet i produksjonen av varer og tenester aukar, treng vi meir formell kunnskap, og FOU-investeringane i næringslivet aukar. Verdikjedene til næringslivet i fylket vert digitalisert, og gir eit aukande behov i bedriftene for å handtere data, og plattformar for å legge til rette for deling av opne data.

Næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar har eit potensiale som må takast ut. Dette kan vere både naturressursar, og ressursar basert på lokal kultur og historie. Likevel er kanskje tilgangen på kvalifisert arbeidskraft den viktigaste faktoren for framtidig verdiskaping i regionen.

Innovasjon skjer ofte i skjeringspunktet mellom fagområde, sektorar og bransjar. Det blir derfor viktig framover i enno større grad å søke samarbeid på tvers, og med nasjonale og internasjonale kunnskapsmiljø. Utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø må styrkast slik at dei kan levere kunnskap og utdanningsløp som støttar næringslivet. Kunnskaps- og forskingsmiljøa må utvikle seg og bli attraktive i kampen om ressursar, forskingsmidlar og talent. Fortrinna i regionen til å utnytte mogleighetene i havet er store, og må utnyttast enno betre. Dei lokale ressursane kan gi grunnlag for auka omfang av lokale matprodukt, reiselivsopplevelsingar og kulturformidling. Reiselivsnæringa er likevel i ein svært vanskeleg situasjon akkurat no under koronapandemien, og framtidsutsiktene er usikre. Det blir svært viktig å styrke nyskapinga framover, og den nye digitaliserte utgåva av gründertenesta Hoppid.no blir svært sentral. All utvikling i næringslivet må skje gjennom berekraftige forretningsmodellar.

Transport og samfunnsutvikling

Eit godt tilrettelagt transportsystem er ikkje eit mål i seg sjølv, men ein føresetnad for økonomisk vekst og velferd. Men ønska og behova på nær alle område både på land- og sjøtransport er mykje større enn dei økonomiske rammene. Dette går utover moglegheitene for å ha eit fylkesvegnett i god stand, til å realisere nye utviklingsprosjekt, til å utvikle eit konkurransedyktig kollektivtilbod osv. Klimagassutsleppa frå transportarbeidet er også store. Men omstillinga til lågutsleppssamfunnet er kostnadskrevjande, og byane i fylket, der transporten burde skje med miljøvennleg sykkel, gange og kollektivtransport, er bilbaserte, og har høg bilandel også på korte reiser.

Den raske teknologiutviklinga gir store mogleheter for den vidare utviklinga av transportsystemet. Fylkeskommunen nyttar innkjøpsmakta si til å vere med å utvikle klima- og miljøvennlege transportløysingar, og det blir sett strenge klima- og miljøkrav i anbod for buss, båt og ferje. Sjølv om jernbanen ikkje utgjer nokon stor del av transportsystemet i fylket, kan Raumabanen og vidare togtransport nordover, og ikkje minst sør-over, vere ein bit av eit godt og miljøvennleg alternativ til fly, og til godstransport på veg. I nye ferjekontrakter frå 2019 til 2033 blir det mellom anna innført elektrisk ferjemateriell og ladeløysingar ved ferjekai, og frå 2021 vil det vere elektriske bussar i Ålesundsområdet.

I tillegg blir moglegheitene knytt til digitale løysingar for informasjon, billettering, bestillingstransport m.m. utnytta. I bypakkene blir det arbeidd for å endre reisemiddelfordelinga frå privatbil til kollektiv, gange og sykkel. Løysingar som brysykkel og bildelingskonsept er truleg noko som vil kome om kort tid. På litt lengre sikt vil sjølvkøyande teknologi kunne gi nye og ukjende moglegheiter både på sjø og land. Ferjefri E39 vil gi større og meir samanhengane bu- og arbeidsmarknadsregionar mellom byane våre.

Kvalifisert arbeidskraft og seriøst arbeidsliv

Behovet for ny kunnskap og heving av kompetansen har vorte enno viktigare no, for at samfunnet skal komme seg på fote igjen når koronapandemien er over. Kvalifisert arbeidskraft omfattar både god fagarbeidarkompetanse og personar med høg vitskapeleg kompetanse. Ein heilt anna utfording for arbeidsmarknaden er at den er klart kjønnsdelt, med ulike jobbval, arbeidstid og løn, og stort sprik i utdanningsnivå. Vi ser og at mange med fluktbakgrunn står utanfor arbeidslivet. Arbeidslivet er regulert gjennom lovverk og avtaleverk, men brot på dette utfordrar tilliten, likebehandlinga og lovlydigheita.

Styrka utdanningsinstitusjonar må sette befolkninga i stand til å møte framtidas arbeidsmarknad og oppdatere kompetansen. Ei viktig oppgåve i arbeidslivet framover vil og vere å sette krav til at lov og regelverk knytt til likestilling, universell utforming, arbeidsmiljø osv. blir følgd, at arbeidslivet legg til rette for fleksible løysingar, og er inkluderande.

Kraftforsyning

Nok kraft, og god forsyningstryggleik er nødvendig for næringslivet. Kraftforsyninga i Møre og Romsdal er tilfredsstillande, men forsyningstryggleiken er framleis mangelfull på Nordmøre og på Romsdalshalvøya. Kraftproduksjon frå fornybar energi – vasskraft, vind, sol, bølge og bioenergi utgjer berre 5 prosent av norsk energiproduksjon i dag, og er dyrt å utvikle. Vidare er den store olje- og gassindustrien i fylket under sterkt press gjennom nye miljøkrav, og den svært lønsame næringa sin rolle i klimaspørsmål er under debatt.

For å betre og sikre energiforsyninga, og legge grunnlag for næringsutvikling, er det behov for å betre infrastrukturen for kraftforsyninga, og få meir kraft inn til fylket for å utvikle næringslivet. Petroleumsprodukta må bli de-karbonisert gjennom å reformere gass til hydrogen med fangst av CO₂ for å unngå store klimagassutslepp. Fornbare energiformer som biogass frå organisk avfall, bølgjekraft, vindkraft på sjø og land, og bruk av hydrogen-elektriske løysingar, batterielektrisk eller hybridløysingar har stort potensiale, men er avhengig av lønsemada. I tillegg møter vindkraftutbygging sterk folkeleg motstand.

Fylkesplanmål for verdiskapingsfylket



Foto: Ingvild Dverseth Sæter

Møre og Romsdal skal:

- 1.** ha eit omstettingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurranseskraft
- 2.** skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering
- 3.** vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur
- 4.** styrke omstettings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp
- 5.** ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennlig, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov
- 6.** ha eit mangfoldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn
- 7.** ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv

Kapittel 6

Oppfølging av fylkesplanen

Plannivå og konkretiseringsgrad

Regional planstrategi:

Regional planstrategi (RPS) er det mest overordna dokumentet i plansystemet. Denne inneholder langsiktige utviklingsmål med ein 12-årig horisont. Slike mål blir nødvendigvis nokså generelle, overordna og breie. I tillegg ligg FN sine 17 berekraftsmål til grunn for arbeidet. Dette er også svært overordna mål som er felles for verdssamfunnet. Det er derfor behov for meir konkrete mål for å styre arbeidet.

Fylkesplan og andre regionale planer:

Ei konkretiseringa av måla ligg i denne tverrsektorielle fylkesplanen, eller i andre regionale planer, der det vil bli utvikla fireårige mål for valperioden, som følgjer opp måla i RPS. Fylkesplanen har derfor fleire mål enn RPS for å dekke mange fagområde og arbeid på tvers av sektorar. Fylkesplanen er likevel tenkt som ein kortfatta plan.

Fylkesstrategiar:

På mange område vil fylkesplanen bli utdjupa og konkretisert gjennom tilhøyrande fylkesstrategiar. Meir konkrete, handfaste resultatmål for å følgje opp fylkesplanen vil bli utarbeidd her. Men for å oppnå desse, må det utarbeidast tiltak.

Økonomiplan med handlingsprogram:

Årlege tiltak med grunnlag i planverket må inn i samband med prosessen for å utarbeide økonomiplan med handlingsprogram. Det er sjølv sagt behov for økonomiske ressursar for å gjennomføre tiltak. Då er det nødvendig at samfunnsplanlegginga og økonomiplanarbeidet blir tett integrert. Kva for mål og retning arbeidet skal ha, og kva for tiltak som då må til, vert styrt gjennom plansystemet, dei økonomiske rammene og prioriteringa av dei på ulike mål og tiltak vert styrt gjennom økonomi- og handlingsplanprosessen. Slik blir planarbeid og økonomiarbeid tett kopla, og moglegheitene for å oppnå måla og prioritere på ein systematisk måte blir større.

I Økonomiplanen med handlingsprogram må det og bli lagt inn behovet for ressursar knytt til planarbeid som er bestemt i RPS.

Måling, indikatorar og rapportering

Møre og Romsdal fylkeskommune underteikna i 2019 avtale om deltaking i programmet United for Smart Sustainable Cities (U4SSC). I tillegg har fylkeskommunen lansert Bere-kraftfylket Møre og Romsdal – program for eit berekraftig fylke. FN sine berekraftmål må bli innarbeida og bli ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemd.

Målet er at flest mogleg kommunar i fylket skal bli med å samle inn «berektindikatorar» for eigen kommune. Her vil vi nytte metoden som er utvikla i «U4SSC» eit FN støtta program som ved bruk av nærmere 100 indikatorar (KPI) måler stoda i kommunen i høve til FN sine berekraftmål.

Berekraftfylket Møre og Romsdal inngår i det «Det norske bærekrafstløftet», der både Møre og Romsdal fylkeskommune, Ålesund (med Giske og Sula), Molde og Kristiansund kommune er med her i fylket slik det ser ut ved årsskiftet 2019/2020.

Allereie i dag rapporterer fylkeskommunen kvart år på gjennomføring og måloppnåing av måla og tiltaka som er lagt inn i økonomiplan med handlingsprogram. På sikt er det tenleg å arbeide for at måloppnåing og rapportering i fylkeskommunen sitt eige system og måloppnåing og rapportering gjennom U4SSC og indikatorsettet som er utvikla der, skal nærme seg kvarandre og bli eitt felles mål- og rapporteringssystem, eller i alle fall overlappe kvarandre.

Vedlegg:

Lenker til dei viktigaste grunnlagsdokumenta

- [Utfordringar og moglegheiter i Møre og Romsdal mot 2030 – Kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi og fylkesplan 2021–2024](#)
- [Folkehelsa i Møre og Romsdal 2019](#)
- [Fylkesstatistikk 2019 Møre og Romsdal](#)
- [Statusdokument kompetansealliansen](#)
- [Handlingsprogrammet for ungdomspanelet 2018/2019](#)
- [Nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging 2019–2023](#)



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune | Besøksadresse: Julsundvegen 9, 6412 Molde | Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde
Telefon 71 25 80 00 | E-post: post@mrfylke.no | www.mrfylke.no